



Ei stemme for Søfteland.

Sveinung Stensletten har budd på Søfteland i over 20 år. Bygda er i sterk vekst. "Me må styre utviklinga slik at den kjem alle til gode", seier han.

Planmessig utvikling av området mellom Eikhaugvegen og Bergstø - hall/allaktivitetshus som del av eit nytt "Bygdatun".

Tilrettelegging for tur - gang og sykkel - rundt Vindalsvatnet med pendlarparkering for sykkel i Endelausmarka når vegen står ferdig.

Tilknytting av Søfteland med bilveg til Lyse-parken - Vegen over Langedalen kan ikkje vera tverrforbindelse til Lysefjorden slik den ligg i dag.



VENSTRE

FramtidasOs.

Ny giv med Os Venstre

Os er ein kommune med høgt aktivitetsnivå og stor folketalsvekst. Mykje er bra, men vi står framfor fleire store utfordringar. Os Venstre vil derfor prioritera følgjande saker i komande periode:

Nye arbeidsplassar i Os:

Sjølv om folketalet i Os har auka sterkt dei seinare åra er det i dag omlag like mange arbeidsplassar som i 2007. Os er blitt ein pendlarkommune. Ei offensiv satsing med særleg fokus på gründerverksemd må til for å snu denne trenden.

Venstre vil:

- ✓ Opprette eit nytt næringsfond.
- ✓ Ha kommunal næringslivsvert og tett samarbeid med Os Næringsråd.
- ✓ Gjere det enklare å drive små og mellomstore verksemd.

Storsasting på skule.

Skulane i Os presterar under landsnittet på nasjonale prøvar og kommunen har mottatt ekstra-/"krisemidlar" frå staten for for å betra dette. Ei storsasting på innhaldet i skulane må til. Det held ikkje berre med nybygg og prosjektet "Betre læringsresultat".

Venstre vil:

- ✓ Setje av pengar som skal følgje PPT-vedtak ut til skulane.
- ✓ Styrke PPT/tilpassa opplæring
- ✓ Innføra sosiallærer på skulane

Vern Bjørnafjorden

Os Venstre starta kampen mot bru over Bjørnafjorden. Vi meiner at skjergarden i Os må skjermast og at indre trasé via Fusa er det beste alternativet.

Venstre vil:

- ✓ Arbeide for ferjefri E39 med tog over Fusa og Tysnes.
- ✓ Stansa arbeidet med bru over Bjørnafjorden og motorveg gjennom Moberg og Kuven.

Planmessig utbygging:

Det er aukande utbygging i Os. Politikarane må ta ansvar og sørja for for at kommunen kan handtere veksten som kjem dei neste åra.

Venstre vil:

- ✓ Ha ein utbyggingspolitikk som er rettferdig, mindre tilfeldig og ivaretar dei mange sterke kvalitane i Os.
- ✓ Rusta opp vegane i krinsane.

Les mer på:

venstre.no/osihordaland
facebook.com/osvenstre

VENSTRE
Os

